


Nei til plassbygd venteskur

20.02.2009



Halsabrotet vel har laga denne skisa av det plassbygde venteskuret som det no ikkje vert noko av.

**Statens vegvesen har vendt tommelen ned for forslaget til Halsabrotet vel om plassering av eit plassbygd venteskur ved riksvegen.  
Saka vart drøfta under ei synfaring som avdelingsingeniør Ingbjørn Steen hadde for stutt tid sidan.**

Under synfaringa opplyste Kjetil Hauge i velforeninga at det er nær 60 bueiningar på oppsida av riksvegen og at det er mange bussreisande.

Steen skriv no at vegvesenet, som opplyst under synfaringa, finn det problematisk og vanskeleg å kunne stetta søknaden.

Det har mest å gjere med driftsavtalen dei har med entreprenøren.

Saka er også drøfta internt etter synfaringa og vegvesenet finn dverre ikkje å kunne tilrå byggjing av venteskuret.

Steen opplyser også at det for inneverande år truleg ikkje vert avsett midlar til meir enn to venteskur.

Av Ola Matti Mathisen